



Innkalling av Næringsfondsstyret

Møtedato: 03.10.2016
Møtestad:
Møtetid: 09:00 - 10:00

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
013/2016	Godkjenning av innkalling og saksliste
014/2016	Godkjenning av møtebok
015/2016	Orienteringssaker
016/2016	Søknad om lån og tilskot til kjøp av ny traktor med utstyr
017/2016	Næringsfondvedtekter, notat framdriftsplan revisjon.

27. september 2016

Tom Kristian Thorsen
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/245

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
013/2016	Næringsfondsstyret	PS	03.10.2016

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/245

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
014/2016	Næringsfondsstyret	PS	03.10.2016

Godkjenning av møtebok

Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 06.09.2016

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		16/245

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/2016	Næringsfondsstyret	PS	03.10.2016

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Inge Kårevik	Gbnr - 81/4, FE - 242	16/225

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/2016	Næringsfondsstyret	PS	03.10.2016

Søknad om lån og tilskot til kjøp av ny traktor med utstyr

Forslag til vedtak:

Terje Øvre Helland gnr 81/4 får eit tilskot på 20% av kostnaden avgrensa til kr 104 760,- og lån på 13,3% av kostnaden avgrensa til kr 69 665,- til kjøp av traktor

Utbetaling av lån over 50.000,- skal sikrast med pant eller garantiar.

Lånerenta er den til ein kvar tid gjeldande rente i Næringsfondet.

Lånet skal attendebetalst med like store halvårlege avdrag i 5 år.

Vilkår for utbetaling:

Lån og tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapet skal vere attestert av rekneskapsfører.

Lån og tilskot krevjast attendebetalst heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Tilsegna står ved lag i eitt år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

Dekning: Næringsfondet

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bakgrunn Søknad frå Terje Øvre Helland om tilskot og lån til kjøp av traktor med utstyr.

Vurdering

Søknaden gjeld tilskot til kjøp av traktor. Traktoren skal nyttast til jord - og skogsdrift på garden.

Kommunestyret vedtok i møte den 07.04.11 nytt regelverk for tilskotsordningar for landbruket i Modalen

I pkt. 3 i tilskotsreglar for landbruket i Modalen heiter det:

” Frå Næringsfondet i Modalen vert det ved utskifting av driftsmiddel gjeve 20% tilskot og 13,3% lån. Eventuelt innbytte skal trekkjast frå.”

Kostnad for traktor med utstyr er kr 523 800,- Frå søkjar får vi opplyst at det gamal traktor ikkje skal bytast inn.

Tilskot utgjer då 20 % av kr 523 800,- = kr 104 760,-

Lån utgjer 13,3 % av kr 523 800,- = kr 69 665,-

Konklusjon

På bakgrunn av søknad og vurderingar gjort av administrasjon meiner rådmannen at søknaden er i samsvar med intensjonar og stettar dei krav som nye tilskotsordningar er retta mot. Terje Øvre Helland gnr 81/4 får eit tilskot på 20% av kostnaden avgrensa til kr 104 760,- til kjøp av ny traktor og lån på inntil 13,3% av kostnaden avgrensa til kr 69 665,-

Vedlegg:

Næringsfondet - Søknad kjøp av ny traktor

1+SV+_111314.pdf

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 242, TI - &00	16/102

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/2016	Næringsfondsstyret	PS	03.10.2016
	Kommunestyret	PS	

Næringsfondvedtekter, notat framdriftsplan revisjon.

Forslag til vedtak:

Formannskapet vedtek rådmannen sitt framlegg til framdrift og prosess når det gjeld revisjon av næringsfondvedtektene.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Styret i Næringsfondet bad i møte (06.09.16, sak 011) om at det vart utarbeidd eit notat med framlegg til prosess vedr. revidering av fondsvedtektene.

Gjeldande Vedtekter for bruk og forvaltning av Næringsfondet i Modalen kommune med tilhøyrande retningsliner vart godkjent i KS 19.05.94.

Kommunale tilskotsordningar for landbruket i Modalen pkt. 1 som gjeld retningsliner for næringsfondet som gjeld landbruk (vedteke i KS 07.04.11) vil også verte ein del av prosessen. Her vil det vere særleg aktuelt å gjere ei evaluering av ordninga som har virka i ca. 5 år (2011 – 2016).

Det statlege styringsdokumentet Rundskriv om standardvedtekter for kommunale næringsfond gitt i vannkraftsaker (kraftfond og hjemfallsfond) frå 2011 ligg til grunn for revideringa.

Vurdering

Drøftingane er meint å ta opp i seg tankar og retning for det framtidige næringslivet i Modalen. Eit utgangspunkt kan vere å sjå på kva Modalen som samfunn tek mål av seg å

oppnå framover når det gjeld næringsutvikling (mål), for så å gjere nokre analysar/vurderingar av ressursar me rår over pr. i dag - samt det me manglar (gap) for å kunne nå måla. Slik kan dei reviderte fondsvedtektene verte det verktøyet som bidreg til å løfte oss framover og tette gapet.

Kommuneplanen (2015) viser til kommunen sin strategiske næringsplan (1998) som trekk fram reiseliv, nettverk, kultur, kommunikasjonar og infrastruktur som viktige satsingsområde. I tillegg peiker planen på moglege retningar som t.d. etablering av nærings- og tenestesenter.

Foreløpige innspel til drøftingar:

I kva grad er noverande vedtektene i tråd med ei best mogleg næringsutvikling framover for Modalen kommune. Kva retning ynskjer kommunen å gå i?

Kva for næringar/bransjar skal vere viktige/prioriterte satsingsområde å stimulere gjennom næringsfondet? Vurdere prioriteringskategoriar for ulike næringar.

Kva nivå skal kommunen legge seg på når det gjeld støtte? Vurdere kategoriar/graderingar. Vurdere fordeling mellom lån og tilskot.

Korleis kan næringsfondet verte eit endå betre instrument for å nå dei næringspolitiske måla kommunen set seg? Kva eventuelle endringar må finne stad?

Rådmannen foreslår at administrasjonen deltek med 3 representantar og formannskapet med 2 – 3 representantar som dannar ei arbeidsgruppe. I tillegg ynskjer me deltaking frå landbrukssida, t.d. Bondelaget v/ leiar. Det øvrige lokale næringslivet vert også viktige å trekke inn i drøftingane gjennom invitasjon til informasjons-/dialogmøte(r).

Rådmannen informerer kommunestyret i form av *orienteringssak* fortløpande i prosessen.

Planen er at framlegg til reviderte vedtekter med tilhøyrande retningsliner skal ligge føre til godkjenning hjå fylkesmannen i etterkant av KS-møte ca. 15.06.17.

I fortsetjinga er det skissert framdriftsplan for arbeidet.

Tidspunkt	Aktivitet / handling	Ansvar
03.10.16	<p>Legge fram for formannskapet skisse til arbeidsprosess.</p> <p>Velje deltakarar til arbeidsgruppe frå administrasjonen.</p> <p>Forslag: rådmann, landbrukssjef og kultur- og utviklingssjef.</p>	Rådmannen
03.10.16	<p>Drøftar skissa og legg til sine evt. føringar/endringsforslag.</p> <p>Velje deltakarar frå formannskapet til arbeidsgruppe som skal arbeide vidare saman med administrasjonen.</p>	Formannskapet
Medio oktober 2016	<p>Sende ut informasjon til representantar for landbruk og lokalt næringsliv om at prosessen som skal føre fram til reviderte fondsvedtekter er i gang.</p>	Rådmannen
Medio november 2016	<p>Invitere næringsliv og landbruk til dialog-/informasjonsmøte (to separate møter). Arbeidsgruppa orienterer om arbeidet og ber om innspel.</p>	Rådmannen
Medio nov. – jan. 2017	<p>Arbeidsgruppa møtes, drøfter og utarbeider skisse og status for arbeidet.</p>	Rådmannen kallar inn.
Febr. 2017	<p>Utkast vert presentert i formannskapet for drøfting.</p>	Rådmannen
Mars 2017	<p>Drøfta utkast vert sendt ut på høyring.</p>	Rådmannen
Medio mai 2017	<p>Utkast med innspel vert handsama i formannskapet.</p>	Formannskapet
Juni 2017	<p>Utkast med innspel vert handsama i</p>	Ordførar

	kommunestyret.	
Juni 2017	Godkjente vedtekter vert sendt fylkesmannen for godkjenning.	Rådmannen